

Velferdsteknologi i Alver kommune

Velferdsteknologi er tekniske hjelpemiddel og alarmer, som skal bidra til tryggleik, aktivitet og sjølvstende, og at du kan meistre kvardagen trass sjukdom og nedsett funksjonsevne



Du får montert nøkkelboks slik at heimetenesta kan låse seg inn dersom du treng hjelp og ikkje kan opne sjølv.

Eigenbetaling for tryggleiksalarm og Velferdsteknologi i 2023

Prisen blir vedteke av kommunestyret kvar år.

Inntekt	Pris pr mnd
Under 2G	181,-
Over 2G	373,-



Spørsmål?

Ta kontakt med heimesjukepleia eller ring innbyggjarservice og spør etter Velferdsteknologi Tlf 56375000

Døme på tilgjengeleg teknologi (lista er ikkje uttømmande):

Produkta kan sjå ulik ut det som er illustrert.

	<p>Tryggleiksalarm med ulike sensorar som til dømes: Alarmsmykke, fallsensor, røykvarslar, sengesensor, dørsensor, bevegelsessensor og fuktsensor</p>
	<p>Alarmknapp som armband eller smykke : Utløys alarman ved å trykke på knappen. Du vil sjå eit raudt lys Er vantet. Kan vaskast med såpe og vatn.</p>
	<p>Elektronisk multidosedispensar. Varsel når medisinen skal takast, og sender varsel dersom den ikkje er tatt *vedtaksbasert. Er gratis</p>
	<p>Elektronisk pilledispensar: Pilly. Gir beskjed når tablettane skal tas. Sender sms viss ikkje tablettane er tatt ut innan gitt tid *vedtaksbasert. Er gratis</p>
	<p>Røykvarslar kopla til tryggleiksalarmen. Dei som svarar alarman prøver først å komme i kontakt med deg, og ringer deretter brannvesenet. Brannvesenet oppmodar til å støvsuge røykvarslarane, og å byte batteria i</p>

	<p>desember kvart år. Brukar 3 x AA batteri. Få gjerne hjelp av pårørande til dette.</p>
	<p>Mobil tryggleiksalarm med GPS Gjer tryggleik om du har behov for å tilkalle hjelp utomhus. Gjer at du kan blir funnen dersom du går det bort Kjem også som klokke</p>
	<p>Varsel ved utgang av dør: gjer varsel om nokon går ut døra. Kan nyttast i valte tidsrom.</p>
	<p>Fallsensor: Alarmsmykke som kan sende varsel ved fall (støt mot bakken) og når du trykker på knappen.</p>

Ved livstruande tilstander: ring 113

Heimetenesta svarar på alarmane frå ein app på vakt telefonen. Dei kontaktar deg for å avklare situasjonen. Om dei ikkje får kontakt via alarmboks eller telefon drar dei heim til deg på tilsyn.

Teknologien blir individuelt tilpassa etter dine behov.